

OVERNATTINGSTUR TIL FEED

29.-30. august 2024



- Elevar som bur nordaust for skulen, møter opp på skulen til vanleg tid. Elevar som bur sørvest, må sjølv stå langs vegen til rett tidspunkt. Me køyrer frå skulen kl. 08:50.
- Overnattinga vert i telt. Kontaktlærar har ansvar for å organisera telt og teltgrupper.
- På fredag blir det omvising på oppdrettsanlegget for 5.-10. klasse, og 1.-4. går til dagsturhytta.
- Me kjem heim til vanleg tid på fredag. Elevar som bur sørvest for skulen, kan gå av på veg heim.

Pakk dette i stor sekk: (Ta med barna på pakking av sekken!)

- Sovepose og liggjeunderlag (Gjerne eit fleecepledd, [for det kan bli kaldt om natta](#)).
- Dagstursekk
- Hovudlykt
- Klesskift. **Hugs ekstra sokkar og varme klede! Ullundertøy/ullsockkar til overnattinga. Ver grei å ikkje pakka meir enn naudsynt, sjølv om bagasjen vert frakta med buss.**
- Mat: Torsdag: Mat og drikke til tur til Maritshei, grillmat til kvelden. Skulen ordnar ketsjup og sennep
Fredag: Frukost og lunsj
- Tannkost og andre toalettsaker
- Dei som vil, kan ha med ei nøktern mengde snop (maks 50 kroner!).
- Frisbee/disk for dei som ønsker å prøva disk-golf-banen.
- Ev. kniv, kikkert og pølsepinne



Foreldre/føresette:

- Om foreldre vil koma ned på kvelden, er alle velkomne til det. Me grillar om lag kl. 18:00. Me vil gjerne ha tilbakemelding om kven som ynskjer å koma, så gje beskjed til klassestyraren **innan onsdag**.
- Viss dei som går i 1. klasse, vil overnatta, må dei ha med føresette. Desse foreldra kan koma om kvelden. Foreldre til dei av 1.-klassingane som ikkje overnattar, må henta borna sjølv seinast 19.30. Gje beskjed til klassestyrar.
- Me dreg på tur sjølv om det blir regn, men me kryssar fingrar for at det skal bli godt vèr.

Venleg helsing alle lærarane på Sinnes skule



Køyreplan

Torsdag 29. august

08:50 - Avreise frå Sinnes skule

10:00 - Setja opp leir i "strafferunden" eller plenen utanfor stadionbygget på Feed

11:30 - Varm lunsj (Anne Grethe og Anne?)

12:00 - Tur til Maritshei (Sandra)

18:00 - Grilling (Einar)

20:30 - Ro i teltet for småskulen

22:00 - Ro i heile leiren

Fredag 30. august

08:00 - Vekking

08:30 - Frukost

Me pakkar all bagasjen og legg han samla på parkeringsplassen, så hentar bussen bagasjen før han hentar oss. Hugs å ta med niste og vatn i eigen dagstursekk!

09:00 - **5.-10. klasse:** Oppmøte og klar for tur og besøk til Sirdalsørret (Sandra og Einar)

09:30 - **1.-4. klasse:** Oppmøte og klar for biltur til Seland (brua) og fottur til dagsturhytta
Bilkøyring: Anne Grethe, Kari og Kjell

10:00 - **5.-10. klasse** blir henta med båt (10 min kvar veg) + omvising (to timar alt i alt)

12:00 - **5.-10. klasse** går til dagsturhytta og møter småskulen der

13:45 - Avgang frå Tonstad/Monan